



Anleggsgartner Jan Erik Sandal AS har mellom anna laga til uteområdet ved Svendsengarden i Vikegata.



Det vert arbeidd mykje i stein hjå anleggsgartneren som har flytta frå Barstadvik til Furene. Driftsleiar Knut Melvin Myklebust viser brustein.

Anleggsgartner Jan Erik Sandal AS:

Flytta frå Barstadvik til Furene og satsar på større oppgåver

Kraftig vekst siste åra og mangel på plass har gjort at Anleggsgartner Jan Erik Sandal AS har flytta verksemda frå Barstadvik til større lokale i industriområdet i Furene.

– Vi opplever ei god utvikling. Nytt for oss er at vi har starta å vere hovudentreprenør i høve større uteprojekt, fortel driftsleiar Knut Melvin Myklebust.

Driftsleiarer har, til liks med dei 16 andre tilsette i anleggsgartnerbedrifta, hektiske dagar. No er høgsesongen er i gang for fullt for den største anleggsgartneren mellom Bergen og Trondheim. Og oppdraga er mange.

Mange store prosjekt

I fjor hadde firmaet ei omsetning på over 22 millionar kroner. I år vert det ikkje noko mindre. I Ulsteinvik er Sandal hovudentreprenør i samband med bygginga av ny bussterminal og etablering av ein kulturallmenning.

– Vi har mange store prosjekt å arbeide med framover, difor må vi diverre seie nei til ein del private førespurnader. For det er mange private som tek kontakt om ulike prosjekt,

anten ute eller inne. Og slikt skal helst gjerast før barnedåpar og 17. mai, registrerer Knut Melvin Myklebust.

Granitt i staden for betong

Myklebust registrerer ein trend som følgje av generelt betre økonomi hjå mange: Uteområde som tidlegare vart bygt med betongheller er no mange stader bytta ut med granitt frå Kina, noko som er meir eksklusivt.

Anleggsgartner Jan Erik Sandal AS sine folk opererer over det meste av Møre og Romsdal, og heilt sør til Sognefjorden.

Tidlegare vart firmaet Sandal leigd til ulike prosjekt. No har bedrifta også starta som hovudentreprenør, med totalansvar for ymse

slag anlegg. Det kan vere å byggje gater, parkar eller andre uteområde.

Pressa prisar

Sjølv om oppdraga er mange, og aktiviteten er stor, og dei økonomiske tidene gjer at det er heller enkelt å få oppdrag, så betyr ikkje det at fortenesta i denne bransjen automatisk aukar.

– Nei, prisane er pressa, og råvareprisane aukar stadig. Og det er krevjande å vere prisorientert, seier driftsleiarer.

Anleggsgartner Jan Erik Sandal AS er i dag eigd av Jan Erik Sandal og kona Møyfrid Sandal, og Steinar Sætre. Det er også planen at Knut Melvin Myklebust skal inn som eigar i firmaet.



Det var i februar at Anleggsgartner Jan Erik Sandal AS flytta verksemda frå Barstadvik til større lokale i industriområdet i Furene.

Firmaet er kjent for å gjere godt handverk. Spesielt innan skifer- og natursteinarbeid har firmaet høg kompetanse.

Dyktige medarbeidarar

– Nokre av årsakene til veksten i selskapet er at vi leverer god kvalitet på tenestene, og at vi har dyktige medarbeidarar. I tillegg har vi eit svært godt arbeidsmiljø og ein grei sjef, seier Myklebust.

Dei gode tidene i arbeidsmarkna-

den gjer at firmaet slit noko med å få tak i kvalifisert arbeidskraft. Dette gjeld både gravemaskinkøyrarar og andre fagarbeidarar. Dette har gjort at bedrifta har skaffa polsk arbeidskraft, og no er det tredje året på rad at Sandal har fem polakkar i firmaet. Alle bur i Barstadvik i høgsesongen.

Planar om påbygging

Myklebust er godt nøgd med lokala i

Furene, der anleggsgartnerbedrifta deler hus med Egset Ventilasjon. Dei eig kvar sin del av bygget dei held til i. Sandal har både kontor, lager og verkstad i huset, men plassen er noko knapp.

– Difor har vi planar om å byggje på ein etasje til, noko vi truleg kjem til å gjere neste år, fortel Myklebust.

Roy-Arne Folkestad